



Absolutt Form - Rolf Hermansen
Bredsgården 2
5003 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/568 - 18/4719

Saksbehandlar:
Katrine Bjordal Midttun
katrine.bjordal.midttun@radoy.kommune.no

Dato:
23.03.2018

Byggesak Gbnr 41/12 Birkeland - Uthus/grillhus, ny veg og rehabilitering av våningshus- mellombels svar

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om løyve til tiltak den 13.03.2018.

Kommunen legg til grunn at tiltaka er utført og at søknaden er ei legaliseringssak.

Kommunen legg til grunn at søknaden omfattar tre tiltak:

1. Oppføring av uthus/grillhus på ca. 40 kvm
2. Etablering av ny veg (det er ikkje eksisterande veg på eigedomen og søknaden kan difor ikkje gjelde omlegging)
3. Søknadspliktig rehabilitering av våningshus

Mottakskontroll

Kommunen gjer merksam på at vilkåret om 3 vekers frist ikkje er oppfylt. Dei omsøkte tiltaka krev dispensasjon og sakshandsamingsfrista er 12 veker.

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Før søknaden kan handsamast må følgjande rettast:

1. Dei omsøkte tiltaka krev dispensasjon frå arealføremål og byggjeforbod i strandsone. Søknad om dispensasjon skal vere særskilt grunngjeve og skal nabovarslast. Kommunen gjer merksam på at arealføremålet er friområde og ikkje LNF som opplyst i søknaden.
2. I søknaden er det merka av for føremål fritidsbustad. Kommunen legg til grunn at dette er feil. Også opplyst næringsgruppekode er feil i høve opplysningar i matrikkelen der bygningen på eigedomen er registrert som våningshus.
3. Ut i frå gjennomføringsplanen legg kommunen til grunn at Os kaiservice AS har påtatt seg overordna ansvaret for utføring (UTF) og at Bergen og Omland Friluftsråd har påtatt seg

overordna ansvar for prosjektering (PRO) av dei omsøkte tiltaka. Det er ikkje vedlagt erklæringar om ansvarsrett. Kommunen ber om at det i erklæring om ansvarsrett og gjennomføringsplan særskilt vert gjort greie for kva føretak som har ansvarsrett for PRO og UTF miljøsanering og avfallshandtering.

4. Dato for samsvarserklæring er opplyst å vere 19.03.18 for både PRO og UTF. Kommunen ber avklart om dette er å forstå som at tiltaket er utført utan at det på førehand er prosjektert.
5. Det er opplyst i søknaden at tiltaket er unntatt frå nabovarsling. Kommunen ber om grunngjeving for denne vurderinga.
6. Det er opplyst i søknaden at det er vedlagt før og etterteikningar, men teikningane er ikkje merka med kva som viser før-situasjon og kva som viser etter-situasjon.
7. Situasjonsplan skal vere målsett.
8. Det er ikkje vedlagt situasjonsplan eller lengdeprofil som viser dimensjon og plassering av vegen.
9. Planteikning viser kjøkken. Kommunen ber opplyst om det er innlagt vatn i våningshuset og eventuell løysing for avlaup.
10. Det hadde vore eit føremonn om blankett 5175 Opplysningar om tiltaket sine ytre rammar hadde vore vedlagt.
11. Tiltaket har krav til miljøsaneringsbeskrivelse og avfallsplan. Som følgje av at tiltaket er utført før det ligg føre søknad om løyve og godkjenning ber kommunen om å få tilsendt miljøsaneringsbeskrivelse, avfallsplan påført avfallshandtering og dokumentasjon for at miljøfarleg avfall er levert godkjent mottak.
12. Kommunen ber også om ein detaljert oversikt over kva bygningsavfall som er brent på eigedomen.

Frist for retting av mangler er 23.04.18.

Når søknad er komplett vil søknad om dispensasjon vorte sendt på høyring til andre regionale og lokale styresmaktar som har uttalerett.

Radøy kommune som heimelshavar til eigedomen mottar kopi av dette brevet.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslegen.

Med helsing

Katrine Bjordal Midttun
jurist byggesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Absolutt Form - Rolf Hermansen
Bergen og Omland Friluftsråd
Radøy kommune

Bredsgården 2
Hellebakken 45

5003
5039

BERGEN
Bergen